

Å r s m e l d i n g 2 0 0 7

## Innhold

Om NOKUT	side 2
Ord frå styreleiar	side 3
Ord frå direktør	side 5
Styret	side 9
Organisasjonen og tilsette i NOKUT	side 10
Klagenemnder	side 10
Rekneskap	side 11
Nøkkeltal	side 12
Tilsette	side 13

## Visjon

NOKUT skal vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt, internasjonalt nivå. Organet skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgre utdanning, fagskoleutdanning og godkjent utanlandsk utdanning.

## Om NOKUT

Dette er oppgåvene til NOKUT:

- ◆ evaluering av system for kvalitetssikring ved universitet og høgskolar
- ◆ akkreditering av universitet og høgskolar
- ◆ akkreditering av studier
- ◆ revidering av akkreditering som allereie er gitt
- ◆ godkjenning av fagskoleutdanning
- ◆ evaluering for å vurdere kvaliteten på høgre utdanning
- ◆ godkjenning av utdanning teke i utlandet
- ◆ informasjon om norsk utdanning til utlandet
- ◆ informasjon om NOKUT sine oppgåver og vedtak

NOKUT skal i arbeidet sitt vere uavhengig av institusjonane og av Kunnskapsdepartementet. Det betyr at NOKUT skal basere arbeidet sitt på lover, forskrifter og fastlagde retningslinjer, og gjøre vedtaka sine med grunnlag i desse. Departementet kan ikkje gi pålegg til NOKUT utover det som er heimla i lov eller fastsett i forskrift. Departementet kan heller ikkje gjøre om vedtak som NOKUT har gjort om godkjenning eller akkreditering.



Frå styreleiar:

## Refleksjonar før evaluatingsoppfølginga

I hovudet på ein som overtek eit styreleiarverv oppstår raskt tanken om å revidera strategiplanane til verksemda. I NOKUT sitt tilfelle heiter det dessutan at strategiplanen skal vurderast kvart år – så også reint mekanisk var tida inne til å starta ein ny strategiprosess, tenkte vi som nytt styre, i januar 2007. Men departementet hadde vedteke at NOKUT skulle evaluerast, både i forhold til europeiske standardar og til organet sin funksjon i sin norske samanheng. Dermed vart NOKUT drege inn i prosessar som vi tallause gonger har initiert hos andre; datainnsamling over eiga verksemnd, sjølvevaluering, førebuingar til å ta imot besøk av ein evalueringskomite etc. Som dei fleste andre erfarte også NOKUT at sjølvevalueringssprosessen sette i gong refleksjon rundt eiga verksemnd: "Kva er det eigentleg vi driv med?" "Gjer vi verkeleg det vi påstår vi driv med?" "Kan det gjerast på andre måtar?" etc. Det ville ha vore ulogisk å starte eit arbeid med ny


strategiplan parallelt med at ekspertar utanfor oss sjølve vurderte korleis den gjeldande planen de facto fungerte. I skrivande stund føreligg evalueringa, og mykje av styret si merksemrd er allereie retta framover. Årsrapportsjangeren er eit passande høve til å tenke gjennom det "nyss förflutna", men fordi vi no har fått så gode verktøy til vidareutvikling, kjennest behovet for ei detaljert gjennomgåing av handlingane i fjar mindre presserande.

Som styreleiar har eg merka eit aukande, positivt forventningspress til NOKUT si verksemnd, både fra "sektoren", departementet og samfunnet elles, etter kvart som arbeidet vårt vert betre kjent og forankra. Sjølv om NOKUT er eit svært ung organ har "vi" etter kvart opparbeida oss brei kunnskap om korleis det vert arbeidd med vidareutvikling av kvalitet i utdanninga. I styrearbeidet kan det kjennest utilfredsstillande at vi i våre enkeltvedtak ikkje alltid greier å nå ut med den aggregerte kunnskapen vår, til dei som naturleg nok ønskjer å få del i han. NOKUT oppretta i 2007 ei eiga analyseavdeling, som vi har store forventningar til. Avdelinga vil presentera overordna analyser og vurderinger, og vil kunne brukast i det langsigchte strategiske arbeidet til styret.

Også i den uformelle dialogen med ulike aktørar – uavhengig av dagsaktuelle akkrediteringar og evalueringar – vert det utveksla interessante erfaringar og observasjonar. Mange ønskjer å vera med i debatten rundt kvalitetsutvikling i norsk høgre utdanning, og det kan vera fleire innfallsvinklar til denne enn kriteria og forskriftene til NOKUT.

NOKUT sitt styre set stor pris på den gjestfridomen og dei opne holdninga som møter oss rundt på dei meir uformelle institusjonsbesøka. Under slike møte vert det formidla mykje kunnskap om mangfaldet i sektoren, som forhåpentleg vert internalisert i det vidare arbeidet vi gjer.

Den årlige NOKUT-konferansen er ein arena der vi både formelt og uformelt kan diskutera problemstillingar knytt til akkreditering, kvalitetssikring, utviklinga av nye studietilbod og i det heile: overordna utdanningspolitiske spørsmål, nasjonale som internasjonale. Siste års konferanse hadde blant anna mange gode faglege innlegg og diskusjonar rundt ulike måtar å definera kvalitet på. Oppfølginga av sjukepleierevalueringa stod også sentralt, og vi merka oss det positive utviklingsarbeidet som mange institusjonar var i gong med. Konferansen tente dermed også som ein arena som fekk framheva god praksis.



NOKUT vart i 2007 utfordra av Kunnskapsdepartementet til å gjera greie for forståinga si av tilsynsfunksjonen som NOKUT har. I kommunikasjonen med departementet vekta vi den stolte visjonen vår, der det heiter at NOKUT skal arbeide for at samfunnet skal ha tillit til kvaliteten i høgre utdanning. Dette inneber blant anna også ei prosessuell forståing av oppdraget vårt. NOKUT må sjølv sagt kontinuerlig utvikla evna til å fylle samfunnsrolla si. Vi nemnde blant anna som eit illustrerande eksempel at når vi no frå 2008 skal i gong med neste syklus av godkjenning av kvalitetssikringssystem, så vil fokus kunne endrast frå ein tidlegare konsentrasjon rundt korleis systema er planlagde og utforma til fokus på korleis institusjonane brukar systemet til å gje retning i kvalitetsarbeidet; ein overgang – om ein vil – frå "input" til "output"-orientering.

NOKUT har ikkje hatt høve, så langt, til å prøva ut fleksible kontroll- og utviklingsverkemiddel i full breidd. Her er det spørsmål om kompleks interferens av forventingar, ressursar og prioriteringar. Den internasjonale evalueringssrapporten vil utvilsamt setje oss på sporet av farbare vegar framover.

Internasjonalt samarbeid er ein avgjerande faktor for vidareutviklinga av kvalitet i norsk høgre utdanning. NOKUT arbeider tett saman med ei rekke tilsvarende organisasjonar i ei rekke land. Som styreleiar fikk eg høve til å vera med på den internasjonale Enqua-konferansen i Oslo som NOKUT var vertskap for i september 2007. Det er all grunn til å vera stolt over det svært vellukka arrangementet og ikkje minst den respekten NOKUT vart møtt med av dei europeiske søsterorganisasjonane sine.



Det er gledeleg at så mange engasjerer seg i korleis NOKUT best kan ta hand om oppdraget sitt som kontrollør og vidareutviklar av kvaliteten i høgre utdanning og fagskuleutdanning. No har vi fått eit kvalifisert blikk på oss sjølv utanfrå, som sektoren sjølv har vore med på å utforma, gjennom den omfattande datainnsamlinga som evalueringsskomiteen stod føre. Vi går spanande tider i møte!



Petter Aaslestad  
Styreleiar



Frå direktør:

## Glimt frå verksemda i 2007


### Generelt

2007 har vore eit år med stor aktivitet innanfor alle oppgåvene til NOKUT, med akkreditering av institusjonar og studium, evaluering av interne kvalitetssikringssystem ved institusjonane, evaluering for å vurdere kvaliteten i 3-årige ingeniørstudium med rammeplan etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, oppfølging av tidlegare revidering av akkrediterte studium i sjukepleie, avslutning av revidering av ymse bachelorgradsstudium, mastergradsstudium og doktorgradsstudium, godkjenning av utanlandsk høgre utdanning og godkjenning av norsk fagskoleutdanning.

Tilstanden til NOKUT er generelt god. Det tyder ikkje at alt er såre vel. Mange og omfattande arbeidsoppgåver gir eit høgt arbeidspress, noko som har ført til nokre helseproblem og sjukefråvær. Dette må vi ha eit sterkare fokus på framover. Vidare har ressurskrevjande evalueringar og revideringar av studium på forskjellig nivå utfordra budsjettetramma, men slik skal det vere. Saksbehandlingstida på fleire akkrediteringar og godkjenningar er for lang. Det er også behov for å gjøre endringar i NOKUT si forskrift og betre prosedyrar for gjennomføring av evalueringar, akkrediteringar og godkjenningar. Dette vil bli gjort i samband med oppfølginga av den eksterne internasjonale evalueringa av NOKUT.

I 2006 blei NOKUT evaluert i samband med evalueringa av kvalitetssreforma i norsk høgre utdanning, og som del av OECD si vurdering av norsk høgre utdanning. Både evalueringane gav NOKUT konstruktive råd om vidare utvikling både med omsyn til metodebruk og gjennomføring av dei ulike oppgåvene til NOKUT. Som det sømer seg for eit nasjonalt kvalitetssikringsorgan med ambisjonar, har NOKUT gjort seg bruk av råda for å utvikle effektiviteten i verksemda og gjøre evalueringane og akkrediteringane meir føremålstenelege for institusjonane i deira arbeid for å sikre og utvikle kvaliteten på utdanningane.

I 2007 starta Kunnskapsdepartementet ei ekstern evaluering av NOKUT. Evalueringa blei gjennomført av NIFU STEP med ein internasjonal komité med fem evalueringsforskarar. Evalueringa er delt i to og det er utarbeida to rapportar, der Del 1 vurderer om NOKUT fyller dei europeiske standardane og retningslinene som er fastsett for kvalitetssikringsorgan for høgre utdanning i Europa. Del 2 omhandlar den nasjonale rolla til NOKUT ut frå kriterium utarbeidd av departementet saman med aktuelle interessegrupper og den eksterne komiteen sjølv. Rapportane vil ligge føre i februar/mars 2008.



NOKUT har i 2007 utarbeidd to sjølvevalueringssrapportar og hatt vitjing av den eksterne komiteen som mellom anna har hatt samtalar med styret, administrativ leiing og dei tilsette. Oppfølginga av komiteen sine rapportar vil gå føre seg vår og haust 2008.

Gjennom evalueringa har også NOKUT fått røysle med å vere objekt for evalueringa og ikkje berre evaluator som til vanleg. Å bytte rolle gir røysle som er verdfull for arbeidet med evaluering, akkreditering og godkjenning av utdanning.



Akkreditering er ei sentral oppgåve som femner om akkreditering av institusjonar innanfor kategoriane universitet, vitskapleg høgskole, studium etter søknad frå institusjonane og revidering av akkreditering der NOKUT sjølv tek initiativ.

Talet på søknader om akkreditering som institusjon held seg på eit moderat nivå. I 2007 var det seks søknader til behandling, ein som universitet, tre som vitskapleg høgskole og to som høgskole. Berre ein av desse blei ferdigbehandla og akkrediterert som universitet. Det var tre nye søknader om institusjonsakkreditering i 2007. Til arbeidet med desse akkrediteringane brukta NOKUT 1,2 saksbehandlarårsverk i 2007 mot 0,7 førré året.

Talet på søknader om akkreditering av nye studium på alle nivå blei redusert frå 71 i 2006 til 55 i 2007, ein reduksjon på 22 %. 27 søknader blei ferdig behandla. Reduksjonen i talet på søknader om akkreditering av studium er størst for mastergradsstudium, som har blitt redusert med 45 % frå 2004 til 2007, frå 62 til 34 søknader. Kor mange nye mastergradsstudium som universiteta, vitskaplege høgskolar og høgskolar med rett til å gi doktorgradsstudium har etablert ut frå sine fullmakter er ikkje kjent for NOKUT. Dersom ein trekker frå den tida søkerne er på institusjonen for kommentarar, som gjennomsnittleg er 10 veker, er netto saksbehandlingstid for søkerne om akkreditering av mastergradsstudium 25 veker eller eit halvt år. Gjennomsnittleg netto saksbehandlingstid for lågare og høgre grads studium er 35 veker.

Revidering av akkrediterte studium hadde også eit stort omfang i 2007. Det blei gjennomført revidering av tre bachelorgradsstudium i sjukepleie og eitt i journalistikk, to mastergradsstudium i odontologi og eitt i farmasi, tre doktorgradsstudium, to i odontologi og eitt i farmasi. Vidare blei det meste av arbeidet med revidering av master- og doktorgradsstudium i rettsvitenskap og farmasi gjort i 2007, men sluttbehandlinga gjekk føre seg tidleg i 2008. I 2007 blei det nytta tre saksbehandlarårsverk til revideringsarbeidet. Revidering av igangverande studium er naudsynt for å vurdere om kvaliteten på studia oppfyller krava til NOKUT, om studia held eit godt fagleg nivå og om ein kan vise til gode resultat. Men revidering er eit tid- og ressurskrevjande instrument i kvalitetssikringsarbeidet. NOKUT vil difor vurdere om utøvinga av tilsynsfunksjonen til NOKUT kan nytte mindre ressurskrevjande instrument for å identifisere sviktande kvalitet og korrigere for det. Men NOKUT har også eit mål om å halde eit stabilt nivå på revideringsverksemda frå år til år. Det vil tidleg i 2008 bli vurdert nye revideringsprosjekt, dersom budsjettet tramma gir rom for det.

## Evaluering

Evaluering av institusjonane sine system for kvalitetssikring av utdanninga blir planlagt for kvart halvår i høve til disponibel kapasitet til å gjennomføre evalueringane. Med ei stabil gruppe av sakkunnige, som kvart år tek del i ei eller fleire evalueringar, kombinert med røynde prosjektleiarar frå NOKUT, går denne verksemda utan store problem. Omfanget av oppgåvene auka i 2006 til også å femne om alle private høgre institusjonar. Desse nye evalueringane starta opp i første halvår 2007.

I 2008 vil første syklus av evalueringar av kvalitetssikringssystem bli avslutta og den andre seksårssyklusen kan starte opp i 2009.

I 2007 blei det gjennomført evaluering av kvalitetssikringssystem i 16 institusjonar med tillegg av ei andre gongs evaluering av ein institusjon som ikkje fekk kvalitetssikringssystemet godkjent i den første evalueringa i 2006.

Ei evaluering av 3-årige ingeniørstudium med rammeplan etter oppdrag frå departementet starta opp tidleg i 2007 etter ein planleggingsperiode som vara fram til seinhaustes 2006. Dette er ei evaluering med formål å vurdere kvaliteten i utdanningane. Evalueringa har ei framdrift som er i tråd med prosjektplanen og vil bli avslutta i september 2008 med ein sluttkonferanse.

NOKUT reknar med å få oppdragsbrev frå departementet i mars 2008 vedkomande evaluering av forskolelærarutdanning, som er nokolunde av same storleik som evalueringa av ingeniørstudia. Planlegginga av denne nye evalueringa vil gå føre seg hausten 2008 med mål om å kunne starte opp i januar 2009. NOKUT vil neppe ha kapasitet til å gjennomføre andre evalueringar etter eige initiativ samstundes med desse omfattande evalueringane på oppdrag frå departementet.

Internasjonalt samarbeid om kvalitetssikring av høgre utdanning er viktig for NOKUT, noko som har samanheng med visjonen om å vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på høgt internasjonalt nivå. NOKUT har avgrensa det internasjonale samarbeidet til nokre arenaer av særleg interesse, men har i tillegg som mål å halde seg orientert om det som går føre seg internasjonalt også utanfor Europa. Konsentrasjon av deltaking gir eit godt grunnlag for sterkare engasjement med større utbytte som resultat. Verksemda femner i hovudtrekk om ulike nordiske og europeiske nettverk, organisasjonar, multilaterale og bilaterale prosjekt. Gjennom foredrag, innlegg og diskusjonar på internasjonale konferansar, seminar og nettverksmøte, spreier NOKUT informasjon om norsk høgre utdanning og om det norske systemet for kvalitetsarbeid og kvalitetssikring av høgre utdanning. Den internasjonale verksemda er også avgjerande for at NOKUT skal kunne løyse oppgåvene sine nasjonalt med kvalitet og effektivitet på høgt internasjonalt nivå.

## Godkjenning av utanlandsk utdanning

Talet på søknader har auka frå 2245 i 2006 til 2625 i 2007, som er ein auke på 17 %. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida har blitt redusert frå 2,6 månader i 2006 til 2,5 månader i 2007. Det er berre to år sidan at saksbehandlingstida gjennomsnittleg var på nærmere 4 månader. Den delen av søknadene som blei behandla innan to månader blei redusert frå 56 % i 2006 til 49 % i 2007. Dette heng saman med ein mellombels reduksjon av saksbehandlarkapasiteten.

I året som gjekk har det vore sterk fokus på kvalitetssikring av godkjenningsvedtak og verifisering av utdanningsdokument. Bruk av falske dokument er i svært rask utvikling både i Noreg og i andre land. I 2007 blei 22 saker meldt til politiet.

I 2008 og 2009 vil NOKUT framleis fokusere på problematiske dokument og handteringen av desse. Det vil også bli teke i bruk elektronisk søknad på nett og vidareutvikling av den elektroniske saksbehandlingsmodulen. Arbeidet med oppfølging av Brautasetutvalet si innstilling vil stå sentralt både i 2008 og 2009.

## Godkjenning av fagskoleutdanning

I 2007 kom det inn 153 nye søknader mot 332 søknader i 2006, ein reduksjon på heile 54 %. Både i 2006 og 2007 blei det avslutta fleire søknader enn tilgangen på nye søknader. I den grad saksbehandlingstida også inkluderer ventetid i køen for godkjenningsprosessen, må ein kunne rekne med nedgang i saksbehandlingstida, som både i 2006 og 2007 var på over eitt år. Arbeidet med reduksjon av saksbehandlingstida vil halde fram i 2008. Mellom anna vil det bli arbeidd med nye kriterium som er tilpassa ny lov om fagskoleutdanning med forskrift.

## Utgreiing og analyse av verksemda i NOKUT

NOKUT har prioritert høgt å utføre utgreiinger og analysar av resultata frå eiga verksemeld og formidle desse til aktuelle interessegrupper og til samfunnet generelt. Dette vil bidra til å realisere NOKUT sin visjon og er i tråd med vedtekne strategiar. Utgreiings- og analyseeininger blei etablert i 2006 med tre tilsette og er i gong med eit prosjekt. Men sidan leiaren gjekk over i ei anna stilling utanfor NOKUT etter kort tid, har kapasiteten vore avgrensa. Ny leiari er no tilsett og vil starte opp medio april 2008.

## Ressurssituasjonen

NOKUT har alltid halde seg innanfor budsjetttramma, og tek sikte på det også i åra framover. Men det er ikkje til å kome unna at naudsynt utviding av leigearalet i tråd med auken i talet på tilsette og naudsynt etablering av ei eining for utgreiing og analyse av verksemda, gjer budsjetttramma til ei stor utfordring og legg avgrensing på kva tiltak NOKUT kan ta i bruk i tilsynsfunksjonen.


## Takk

Til slutt vil eg takke alle som har teke del i NOKUT sitt arbeid med kvalitetssikring av høgre utdanning, fagskoleutdanning og godkjent utanlandsk høgre utdanning i 2007. Eg vil meine at arbeidet har gitt informasjon, vurderingar og råd til institusjonane og andre om korleis kvaliteten på utdanningane kan bli utvikla vidare. Det er også mogleg å vise til indikasjonar på at kvaliteten er utvikla i 2007.



Oddvar Haugland  
Direktør

## Styret



### Medlemmer:

Professor Petter Aaslestad, Trondheim (leiar)

◆ oppnemnt fram til 31. desember 2008

Førsteamanuensis Ragnhild Kvålshaugen, Oslo

◆ oppnemnt fram til 31. desember 2008

Professor Hanne Foss Hansen, København

◆ oppnemt fram til 31. desember 2010

Fagsjef Gunnar Visnes, Oslo

◆ oppnemt fram til 31. desember 2010

Direktør Per Arne Syrrist, Moss

◆ oppnemt fram til 31. desember 2008

Student Maria Serafia Fjellstad, Trondheim

◆ oppnemt fram til 31. desember 2008

Professor Inger Johanne Pettersen, Bodø

◆ oppnemt fram til 31. desember 2010

Rådgiver Astrid Børshheim, NOKUT

◆ oppnemt fram til 31. desember 2008

### Varamedlemmer:

Student Mikael Strand, Oslo

◆ oppnemnt fram til 31. desember 2008

Professor Bård Mæland, Hafrsfjord

◆ oppnemt fram til 31. desember 2010

Forskar Karl-Erik Brofoss, Oslo

◆ oppnemt fram til 31. desember 2008

Rådgivar Wenche Froestad, NOKUT

◆ oppnemt fram til 31. desember 2008

# Organisasjonen og tilsette

NOKUT har organisert verksemda i tre seksjonar, med utgangspunkt i dei oppgåvane organet har:

- ◆ **Seksjon for kvalitetssystem** evaluerer kvalitetssistema på universitet og høgskolar ikkje sjeldnare enn kvart sjette år. Seksjonen deltar òg i evaluering av kvaliteten på undervisningstilbodet.
- ◆ **Seksjon for akkreditering** godkjenner og akkrediterer institusjonar og studier etter søknad. Seksjonen deltar òg i andre typer evaluering.
- ◆ **Seksjon for utanlandsk utdanning** gir generell godkjenninng av utanlandsk utdanning. Seksjonen har òg informasjonsoppgåver om norsk høgre utdanning og ansvar for oppfølging av nasjonale plikter om godkjenninng av utdanning.

I tillegg kjem stabsfunksjonane med administrasjon, informasjon, utgreiing og analyse og juridiske tenester.

# Klagenemnder

**Klagenemnda for høgre utdanning**  
har for perioden 1. januar 2007 til og med  
31. desember 2010 følgjande samansettning:

- ◆ Kjell Frønsdal, Gulatings lagmannsrett (leiar)
- ◆ Margareth Christophersen, Gulatings lagmannsrett (vara for leiar)
- ◆ Knut Ingar Westeren, Høgskolen i Nord-Trøndelag (medlem)
- ◆ Øystein Aspaas, Høyskolen i Tromsø (varamedlem)
- ◆ Ingrid Bergslid Salvesen, Universitetet i Tromsø (medlem)
- ◆ Siri Margrethe Løksa, Universitetet for miljø- og biovitenskap (varamedlem)
- ◆ Heidi Leganger-Krogstad, Menighetsfakultet (medlem)
- ◆ Harald Nygaard, Ansgar Teologiske høyskole (varamedlem)
- ◆ Øistein Østtveit Svelle, Studentenes landsforbund (medlem)
- ◆ Sine Halvorsen, Studentenes landsforbund (varamedlem)
- ◆ Jannicke Espeland, Norsk Studentunion (medlem)
- ◆ Benjamin Jonsrud, Norsk Studentunion (varamedlem)

**Klagenemnda for fagskoleutdanning**  
har for perioden 1. januar 2007 til og med  
31. desember 2010 følgjande samansettning:

- ◆ Kjell Frønsdal, Gulatings lagmannsrett (leiar)
- ◆ Margareth Christophersen, Gulatings lagmannsrett (vara for leiar)
- ◆ Knut Ingar Westeren, Høgskolen i Nord-Trøndelag (medlem)
- ◆ Ingrid Bergslid Salvesen, Universitetet i Tromsø (varamedlem)
- ◆ Knut Erik Beyer-Arnesen, IT-akademiet (medlem)
- ◆ Hanne Grete Mosand, Nærings Akademiet (varamedlem)
- ◆ Astrid Kristin Moen Sund, Utdanningsforbundet (medlem)
- ◆ Aud Larsen, Østfold Fagskole (varamedlem)
- ◆ Elin Bye Sævik, student, Fagskolen i Gjøvik (medlem)
- ◆ Jannicke Valen, student, Norges Kreative Fagskole (varamedlem)

Klagenemnda for høgre utdanning har hatt tre møte og behandla 50 saker. Ei av sakene blei gjort om.  
Klagenemnda for fagskoleutdanning har ikkje hatt noko møte.

Sekretær

- ◆ Juridisk rådgivar i NOKUT, Eva Liljegren, er sekretær for klagenemndene.

## Rekneskap

NOKUTs tildeling for 2007 var på 41 600 000 kroner.

I tillegg til dette blei det tildelt følgjande:

- ◆ Overføring av ubrukt tildeling frå 2006 på 659 000 kroner
- ◆ Tildeling til arbeidsgruppe for NAG på 800 000 kroner
- ◆ Lønnskompensasjon på 500 000 kroner

Dette er ikkje ordinære inntekter,  
men utgiftsrefusjonar.

NOKUT sine driftsutgifter i 2007 var  
Justert for refusjonar 44 856 000 kroner  
var dei reelle utgiftene 42 591 000 kroner

Tabellen viser NOKUTs utgifter og inntekter:

I 2007 har den ordinære drifta over kapittel 0281 (post 01) gjeve  
eit mindreforbruk på 968.000 kroner. Årsaka til dette mindre-  
forbruket er i hovudsak at NOKUT i 2007 fekk tildeling til  
arbeidsgruppe for NAG. Dette arbeidet vert i all hovudsak utført  
i 2008 og løvinga er søkt overført frå 2007 til 2008.

<b>Rekneskap (tal i 1000 kroner)</b>	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>
Lønnsutgifter	13 279	15 780	18 471	<b>19 095</b>
Styregodtgjering	578	478	840	<b>52</b>
Utvalsmedlemmer og løna konsulentar	2 658	4 452	4 697	<b>5 976</b>
Sluttvederlag Norgesnettrådet	383	229	134	<b>685</b>
Arbeidsgjevaravgift	2 316	2 836	3 176	<b>3 438</b>
<b>SUM lønnsutgifter</b>	<b>19 214</b>	<b>23 775</b>	<b>27 318</b>	<b>29 246</b>
Teknisk utstyr, inventar m.m.	1 042	723	690	<b>667</b>
Kontortenester (it, forbruksmateriell, trykkeutgifter o.a.)	3 028	3 696	2 728	<b>2 334</b>
Reiser, kurs, kompetanseutvikling, representasjon	3 060	5 319	4 486	<b>5 510</b>
Bøker og fagtidsskrift	290	318	237	<b>201</b>
Diverse (konsulentar, seminar, kantine, bedriftshelse-tjeneste)	2 795	2 034	3 228	<b>2 133</b>
Leige og drift av lokale	4 803	4 589	5 165	<b>4 765</b>
<b>SUM driftsutgifter</b>	<b>15 018</b>	<b>16 679</b>	<b>16 534</b>	<b>15 610</b>
Andre inntekter	-	-	-	<b>19</b>
Motteke husleige	49	-	-	-
Motteke tilskot	135	189	122	<b>456</b>
Mottekne konferanseavgifter	484	602	890	<b>1 037</b>
Diverse lønnsrefusjonar	572	603	958	<b>753</b>
<b>SUM tilskot, avgifter og refusjonar</b>	<b>1 240</b>	<b>1 394</b>	<b>1 970</b>	<b>2.265</b>
<b>Nettoutgift</b>	<b>32 992</b>	<b>39 060</b>	<b>41 882</b>	<b>42 591</b>

# Nøkkeltal

## 1. Evalueringar av kvalitetssikringssystem etter resultat i 2007

Godkjent	Underkjent	i alt
15	3	18

## 2. Akkrediteringar og godkjenningar etter akkrediteringstype og resultat i 2007

Akkrediteringstype	God-kjenning	Avslag	Admini-strativ vurde-ring*	I alt
Institusjon	1	1	-	2
Doktorgradsstudium	1	-	-	1
Mastergradsstudium	13	3	4	20
Andre studietilbod	6	1	-	27

\* Administrativ vurdering omfattar både godkjenning av endringar i studium som allereie er godkjende, avisering av søknader og søknader som blir trekt tilbake.

## 3. Revidering av akkreditering i 2007

Revidering av akkreditering av universiteta sine master grads- og doktorgradsstudium i rettsvitenskap, farmasi og odontologi vart gjennomførte i 2007. Det same gjaldt bachelorgradsstudium i journalistikk ved Høgskolen i Volda og bachelorgradsstudium ved Den norske balletthøgskole.

## 4. Evalueringar for å vurdere kvalitet i 2007

Evaluering av 3-årige ingeniørutdanninger tok til i byrjinga av 2007 etter ein planleggingsperiode hausten 2006. Den største delen av informasjonsinnsamlinga har gått føre seg i 2007, med sjølvevalueringar, institusjonsbesøk og brukarundersøkingar. Det har vore arrangert to konferansar om evalueringa i 2007.

## 5. Godkjenning av utanlandsk utdanning i perioden 2003 til 2007

Periode	2003	2004	2005	2006	2007
Nyregistrerte søknader	1614	1816	2452	2288	2625
Individuelle søknader	1437	1664	2278	2004	2288
Talet på saker til klagenemnda	47	45	62	79	93
Ferdigbehandla i perioden	1567	1855	2442	2566	2369
Komplette saker – under behandling	391	388	376	274	444
Sendte og ikkje avslutta saker	201	166	49	184	121
Meir dokumentasjon under utarbeiding	379	437	454	328	310
Saker som er lagt bort (inngår i ferdigbehandla i perioden)	228	147	231	382	272


## 6. Godkjenning av fagskoleutdanning 2007

Godkjent	Avslag eller avvist pga manglende dokumentasjon	i alt
375	98	476

## Tilsette


1. Antal tilsette  
Fast tilsette: 47  
Årsverk: 48  
Midl.tilsette: 2  
Åremål: 1

### 2. Utdanningsnivået til dei tilsette




■ Høgre utdanning med høgre grad  
■ Høgre utdanning med lågare grad  
■ Anna

### 3. Kjønnsfordeling i NOKUT



■ Kvinner  
■ Menn

### 4. Kjønnsfordeling i leiinga til NOKUT



■ Kvinner  
■ Menn

### 5. Drifts- og lønsutgifter

Netto driftsutgifter for NOKUT i 2007 var 42 591 000 kroner.  
Av dette utgjorde lønn 19 095 000 kroner  
(arbeidsgjevaravgift ikkje inkludert).

